



Advokatfirmaet Hammervoll Pind AS
Bryggen 3/5
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2013 - 19/19007

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.06.2019

Svar på spørsmål knytt til vidare handsaming av saka - gbnr 188/66 Gjervik ytre

Vi viser til dykkar førespurnad datert 11.06.2019.

I samsvar med føresegn 3.2.3 skal offentlege samferdsletiltak vera opparbeidd eller sikra opparbeidd slik det går fram av tilhøyrande tabell, før det kan gjevast rammeløyve for nye tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a eller d. Det må vera inngått utbyggingsavtale for at rekkefølgekrava skal verta rekna for oppfylt, jf. føresegn 1.13.2.

Utbyggingsavtalen skal handsamast i formannskapet 20. juni. Dersom vi skal leggja dette tidspunktet til grunn for at rekkjefølgjekrava er sikra opparbeidd, vil det krevja dispensasjon frå planen. Administrasjonen vil ikkje tilrå dette.

Når det gjeld ditt spørsmål knytt til føresegn 2.3.3, er rådmannen delegert vedtakskompetanse til å avgjera søknader i samsvar med plan- og bygningslova, men som ikkje er av prinsipiell karakter. Delegeringa omfattar også kompetanse til å handsama klager.

Kommunen har i administrativt vedtak saknr 505/18 datert 21.09.2018 og saknr 044/19 datert 25.01.2019, avslått søknader om dispensasjon frå tidspunkt for sikring av rekkefølgekrav og byggjehøgder for del av bygg C. Vedtaka er fatta er i samsvar med gjeldande plan . Sakshandsaming i tråd med plan er inga prinsipiell avgjerd, og er som følgje av dette handsama administrativt i tråd med rådmannen sin delegerte vedtakskompetanse. Klagene er, etter ny administrativ vurdering, send over til fylkesmannen for endeleg avgjerd i tråd med føresegn 2.3.3.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatfirmaet Hammervoll Pind AS Bryggen 3/5 5003 BERGEN

Mottakarar:

Advokatfirmaet Hammervoll Pind AS Bryggen 3/5 5003 BERGEN